



Kommunal og moderniseringsdepartementet

Att: Statsråd Monica Mæland

Hordaland fylkeskommune

Att: fylkesordfører Anne-Gine Hestetun

Rogaland fylkeskommune

Att: fylkesordfører Solveig Ege Tengesdal

Nye regionale oppgaver

Haugaland Vekst regionråd og Samarbeidsrådet for Sunnhordland består av ordførere og rådmenn i ein storregion på 16 kommunar og ca 173 000 innbyggjarar. I eit fellesmøte 20. april 2018 vedtok råda å gje følgjande felles uttale:

Regionråda merkjer seg at Rogaland og Hordaland dessverre ikkje fann saman i regionreforma. Ein sterk region mellom Stavanger og Bergen ville kunne vorte ennå sterkare om dagens politisk/administrative grenser hadde blitt viska ut. Regionråda merkjer seg også at det over tid kan vera grunnlag for å ta opp nye samtaler. Haugaland og Sunnhordland region er einaste region på Vestlandet som i tillegg til Bergen og Stavanger har reell kraft til å vera ei motor i utviklinga av eit samla Vestland.

Regionråda ber spesifikt om at dei to fylkeskommunane samarbeider på tvers av grenselinene for å finna gode løysingar for å fremja vidare vekst i den samla regionen Sunnhordland-Haugalandet. Regionråda vil be om at konkrete funksjonar vert lagt til denne regionen, i første omgang ser me at det kan vera aktuelt å leggja ansvar for SIVA og Imdi til vår region. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil kunna stø at funksjonar som spring ut frå Hordaland kan leggjast på Haugalandet om det er mest tenleg. Haugaland Vekst vil tilsvarende kunna stø at funksjonar som spring ut frå Rogaland kan leggjast til Sunnhordland om det er mest tenleg.

Haugesund/Sunnhordland 25. april 2018

Jarle Nilsen
Leder
Haugaland Vekst regionråd

Wenche Tislevoll
Styreleiar
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi: Stortingspolitikarane frå Rogaland og Hordaland